

- 1 **Vedtekter for ungdomspolitisk utval (UPU) i Sogn og Fjordane**
- 2 Vedtatt på fylkesting for ungdom på Skei i Jølster den 09.04.2016.
- 3 Endra på fylkesting for ungdom på Skei i Jølster den 25.03.2017.
- 4 **§ 1 Føremål**
- 5 Ungdomspolitisk utval (UPU) er arbeidsutvalet til fylkesting for ungdom i Sogn og Fjordane
6 (FFU). UPU arbeider etter mynde frå fylkesting for ungdom. UPU følgjer opp vedtak gjort av
7 fylkesting for ungdom og rapporterer til FFU om måten dei har følgt opp vedtaka sidan førre
8 fylkesting for ungdom. UPU skal fungere som referansegruppe i arbeidet med
9 fylkeskommunale planar og saker som gjeld barn og ungdom.
- 10 **§ 2 Val og samansetnad**
- 11 Ungdomspolitisk utval (UPU) skal bestå av fem medlemer (tre medlemer, leiar og nestleiar).
12 Desse vert valde på fylkesting for ungdom. Det skal også veljast fem varamedlemer i
13 prioritert rekjkjefølgje. Valperioden for kvart medlem er to år. Vara har valperiode på 1 år.
14 Kvart år skal det veljast ny leiar og nestleiar. Ved oppstart skal to medlemmar veljast for eitt
15 år og tre medlemmar veljast for to år, dette for å halde kontinuitet i utvalet. Sjå også
16 retningslinjer for fylkesting for ungdom.
- 17 **§ 3 Arbeidsområde**
- 18 UPU skal arbeide etter mynde frå fylkesting for ungdom.
- 19 UPU skal rapportere til fylkesting for ungdom om dei vedtak som vart gjort under fylkesting
20 for ungdom ved førre tingsete, gjennom ei årsmelding. UPU skal bruke malen for årsmelding
21 som er utarbeidd av fylkeskommunen.
- 22 UPU skal vere referansegruppe i fylkeskommunen sitt arbeid med planar og saker som
23 vedkjem barn og unge.
- 24 UPU skal planlegge og gjennomføre årlege fylkesting for ungdom.
- 25 UPU skal arbeide med saker det er naturleg å ta opp og som det er naturleg å engasjere seg i,
26 på fylkesnivå.
- 27

- 1 UPU skal arbeide for å styrke samarbeidet med barne- og ungdomsorganisasjonane.
- 2 UPU skal ha ei fadderordning for, og ha jamleg kontakt med ungdomsråda/kommunane i
- 3 fylket.
- 4 UPU skal ha jamleg kontakt med fylkeskommunen og fordeler ansvar for dei ulike
- 5 avdelingane mellom seg. Det skal bli oppretta kontakt mellom UPU og avdelingane, og UPU
- 6 skal få innsyn i kva saker som føregår i fylkeskommunen som angår barn og ungdom.

7 § 4 Møter

- 8 Ungdomspolitisk utval skal ha jamlege møter, etter behov. I utgangspunktet seks ordinære
- 9 møter i året, i tillegg til nettverkssamling for ungdomsråd og fylkesting for ungdom. UPU og
- 10 næring- og kulturavdelinga skal i samråd lage ein møteplan. Dei ordinære møta bør vere slik
- 11 at UPU samlast på same stad. Første møte etter fylkesting for ungdom skal vere eit fysisk
- 12 møte, der eit av føremåla er å verte kjende med dei andre medlemmane og kontaktpersonen
- 13 frå fylkeskommunen.
- 14 Møta skal leggast opp slik at reiseruta for kva einskild ikkje vert for lang. Det bør vere møter
- 15 fordelt i heile fylket, visst dette er praktisk for ungdomspolitisk utval. Det skal i hovudsak
- 16 leggast opp til kollektivtransport til møta.
- 17 Den fylkeskommunalt tilsette (sekretæren) har ansvaret for dei som er på møtet. Dei som er
- 18 på møtet, må rette seg under denne personen. Det er den tilsette som bestemmer
- 19 møtetidspunkt.

20 § 5 Vedtak under møtet

- 21 Utvalet kan gjere vedtak når minst tre av medlemmane er tilstande, og alle desse tre har
- 22 røysta. Vedtak vert gjort med simpelt fleirtal.

23 § 6 Møteplikt og forfall

- 24 Dersom ein ikkje har gyldig grunn til forfall, har medlemane plikt til å delta i utvalet sine
- 25 møter og utvalet sitt arbeid. Forfall skal meldast til leiaren eller til sekretæren snarast råd,
- 26 men seinast fem dagar før møtet slik at leiar kan kalle inn varamedlem.

1 Gyldig grunnar til forfall: sjukdom, viktige velferdsgrunnar og forretningar eller plikter som
2 ikkje kan utsetjast eller forsømmast. Er det tvil om eit forfall er gyldig vert dette handsama
3 før sakene på saklista.

4 Etter at møtet er sett, kan ein ikkje forlate møtet utan å ha gitt beskjed til møteleiar på
5 førehand.

6 § 7 Vurdering og ev. fritak

7 Å vere medlem av ungdomspolitisk utval medfører ansvar, både for å delta på møter i utvalet,
8 å melde ifrå i god tid dersom ein ikkje kan delta på eit møte og å følgje opp dei
9 arbeidsoppgåvane ein vert tillagt.

10 Medlemmar som ikkje møter utan å ha gyldig forfall på to møter, inkl. nettverkssamling for
11 ungdomsråd og fylkesting for ungdom, eller ikkje melder forfall til same tal møter, og
12 gjentekne gonger ikkje gjer arbeidsoppgåvane sine bør vurdere / kan oppmodast av dei
13 resterande medlemane i UPU til å søkje om fritak frå sitt verv i ungdomspolitisk utval.

14 Det er fylkesting for ungdom som avgjer om ein medlem i UPU skal få fritak frå vervet sitt.
15 Valnemnda skal få melding om at ein medlem søker om fritak frå sitt verv, slik at dei kan
16 komme med framlegg til vedtak for fylkesting for ungdom. FFU gjer deretter vedtak over om
17 medlemen kan få fritak frå vervet sitt i UPU.

18 Om nokon av medlemane av ungdomspolitisk utval ynskjer å trekkje seg frå vervet sitt, må
19 vedkomande gje skriftleg beskjed til leiar og sekretær. Dette vert voteringsak på neste
20 møte i UPU.

21 Dersom medlemen får fritak er det UPU som supplerer den ledige plassen ut frå varalista. Det
22 er ikkje nødvendig å nytte den prioriterte rekkefølgja av vararekkefølgja ved suppling av
23 medlemane til ungdomspolitisk utval, fordi UPU må ta omsyn til samansetnaden av utvalet
24 etter § 2 i vedtekten.

25 Dersom medlemen som ynskjer å trekkje seg er valt for to år, og ynskjer å trekkje seg første
26 år skal FFU velje nytt medlem til UPU etter reglane i §5 i vedtekten for fylkesting for
27 ungdom og § 2 i vedtekten for ungdomspolitisk utval ved neste tingsete.

1 Om ein ynskjer å trekkje seg frå vervet ein har (leiar, nestleiar, medlem), kan UPU vedta å
2 fordele verva annleis. Det må vere etter ynskje frå begge partar. Eit slikt bytte skal vere ei
3 voteringsak og er gjeldane etter den datoен UPU vedtek.

4 § 8 Møteleiing

5 Leiar av ungdomspolitisk utval skal vere møteleiar. Dersom leiar ikkje kan stille på møte skal
6 nestleiar fungere som møteleiar. Visst begge desse er vekke, skal ungdomspolitisk utval
7 stemme over kven som skal leie møtet. Dette må vere ein av dei faste medlemene til
8 ungdomspolitisk utval. Visst ikkje dei faste medlemene ynskjer å vere møteleiar, kan ein
9 varamedlem vere møteleiar.

10 Møteleiaren skal gjennom dialog, og gjennom eigne erfaringar utvikle ein god og effektiv
11 møtestruktur. Møteleiaren bør vere ein samlande person og bør difor ikkje vere dominerande
12 på møtet.

13 Referenten på møtet er den fylkeskommunalt tilsette. Denne personen skal ha ei støttande
14 rolle i møtet, og skal skrive referata frå møta. Denne personen har talerett i alle saker, men
15 bør unngå å fremme eigne politiske meiningar. Dette er det møteleiaren si oppgåve å fylgje
16 opp.

17 § 9 Innkalling og saksliste

18 Ungdomspolitisk utval vert kalla inn skriftleg med minst åtte dagar varsel. Saksdokumenta
19 vert sende til medlemmane, varamedlemmane og eventuelt andre til same frist. Dersom
20 ingen medlemmer seier i mot, kan UPU handsame saker sjølv om dei er sendt ut etter fristen.

21 Leiar set opp saklista før kvart enkelt møte. Saklista skal liggje ved i innkallinga. Saklista skal,
22 som utgangspunkt, vedtakast i den rekjkjefølgja ho ligg føre, men UPU kan vedta å endre
23 denne. Er ei sak teken opp til handsaming, kan ikkje møtet avsluttast før saka vert avgjort
24 ved røysting eller at det vert vedteke å utsetje saka.

25 § 10 Ugildskap

26 For ugildskapen til medlemene gjeld reglane i forvaltningslova kap. II og kommunelova § 40,
27 nr 3. Medlemmar som er ugilde deltek ikkje ved handsaminga av saka og forlèt møtet dersom
28 det er eit lukka møte.

1 Medlemmar som er fritekne frå å delta i handsaminga av ei sak ut frå personlege grunnar, jf.
2 kommunelova § 40, nr 4, deltek ikkje ved handsaminga av saka.

3 Ved ugildskap skal det ikkje kallast inn vara i staden til medlemmen.

4 § 11 Økonomi

5 Målet med ungdomspolitisk utval er at alle skal kunne vere med, uavhengig av økonomisk
6 bakgrunn eller personleg økonomisk situasjon.

7 Medlemane skal ikkje ha utgifter knytt til transport, deltaking og opphold når dei
8 representerer ungdomspolitisk utval i andre samanhengar enn ordinære møter.

9 Til dei ordinære møta i ungdomspolitisk utval, nettverkssamling for ungdomsråd og
10 fylkesting for ungdom, vert det berre gjeve reiserefusjon ved reise med offentlege
11 transportmiddel.

12 På reiser til og frå andre arrangement enn ordinære møter, der ein medlem skal representere
13 UPU, kan det bli utbetalt refusjon ved køyring av privatbil, etter fylkeskommunale takstar.
14 Representantane kan føre kostpengar på slike arrangement, etter fylkeskommunale takstar,
15 dersom det ikkje er mat på arrangementa. Dette gjeld òg under reise, og tidspunkta for
16 avgang og ankomst vert lagde til grunn.

17 Medlemane i ungdomspolitisk utval får telefongodtgjersle på kroner 1 000,- kvart år, medan
18 leiar og nestleiar får kroner 2 000,-. Desse summane skal regulerast i samsvar med
19 konsumprisindeksen første gong den 1. januar 2016, og den 1. januar kvart år framover.

20 § 12 Endring av vedtekten

21 Dei som er innkalla til FFU (kommunane, politiske ungdomsparti, fylkesdekkande
22 ungdomsorganisasjonar og ungdomspolitisk utval) kan sende framlegg til endring av
23 vedtekten. Framlegget må vere sendt inn minst 14 dagar før fylkesting for ungdom. Det er
24 også mogeleg for delegatar og observatørar sende inn framlegg til endring av vedtekten til
25 uttalenemnda under fylkesting for ungdom, innan den fristen som gjeld for innsending av
26 forslag uttalenemnda, sjå § 7-6 i vedtekter for fylkesting for ungdom Sogn og Fjordane.

27 Endringar i vedtekten vert gjort av fylkesting for ungdom i Sogn og Fjordane med 2/3
28 fleirtal.

- 1 Endringar i vedtektena tek til å gjelde i det dei vert vedtekne av fylkesting for ungdom i Sogn
- 2 og Fjordane.